

# HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

Nils Bjørn Vistad, Pålerudbyen 72, 3516 Hønefoss  
Mobil 90033113, E-post: [nbjoer-v@online.no](mailto:nbjoer-v@online.no)

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Hønefoss 16.10.2024

## *Revisjon av forvaltingsplanen for verneområda på Hardangervidda*

Vi viser til nyss oppstarta revisjonsarbeid og i det høve informasjonsbrevet frå Stasforvaltaren, av 25.09.24. Her går det fram at ein alt i styringsgruppemøte 14.08.24 har lagt viktige arbeidsbrikker på plass, herunder samansetjing av styringsgruppe og prosjektgruppe.

HG er av den meining at spørsmål rundt arealbruken er eit heilt overordna moment i dette arbeidet og at grunneigerane – især dei private – blir særskilt berørt. Av den grunn burde HG hatt fast plass i sjølve styringsgruppa, og dessutan 3 plassar i prosjektgruppa,- hhv. ein frå kvart fylke. Problemstillingane og tilhøva brigdar mykje frå fylke til fylke og dette aleine tilseier større representasjon frå HG. Hadde ein vore kjent med framdrifta i arbeidet på eit tidlegare tidspunkt, ville denne synsstanden vore meldt inn før.

Det er lokalt ein klar oppfatning av at grunneigarinteressene og lokale brukarinteresser knytt til jakt-fiske-landbruk, ikkje er ivaretatt i verneforskriftene godt nok. Det er ikkje samsvar med forutsetnadene den gong vernet vart oppretta.. HG er sterkt opptatt av at privateigedomane (52% av arealet) skal ha gode rammevilkår for næringsmessig utnytting. Ein meiner difor det er naturleg å få god representasjon i det arbeid som skal starte opp med planrevisjonen.

Vi har von om positiv og rask avgjerd frå Statsforvaltaren si side.

Inntil vidare kan ein notere at vår leiar, Torgils Eide (kontaktdata under) vil tiltre prosjektgruppa. Som nemnt over vonar vi å supplere med to styremedlemmer til frå HG, dvs. frå Telemark og frå Buskerud. Varafolk vil ein raskt kome attende til.

Med helsing

Torgils Eide, sign.  
Leiar

Nils Bjørn Vistad, sign.  
Skrivar

Kopi til Kjetil Heitmann, [kjetil.heitmann@statsforvalteren.no](mailto:kjetil.heitmann@statsforvalteren.no)

